

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	30.10.2025
Vår referanse	2025/53940-4
Dykkar referanse	af5d2200-90cd-4ca9-b66e-
Sakshandsamar	led69808955f
E-post	Bjørnar Tjoflot
Telefon	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
	99100814

Høyringsfråsegn til søknad fråvik fra manøvreringsreglement - tapping under LRV i Skålavatn i Luster kommune, NVE-ref.: 202517717

Samandrag av innspel

Vi har ingen vesentlege merknader til nedtappinga, men legg til grunn at Hydro Energi følgjer eigne føringar om å minimere tid under LRV og raskt gjenoppretar vasstanden etter arbeid.

Innleiing og bakgrunn

Vestland fylkeskommune viser til avgrensa høyring av søknad om fråvik frå manøvreringsreglementet for Skålavatn. Planen er å tappa Skålavatn ned under LRV i perioden 15. desember 2025 til 25. februar 2026. Høyringssvaret frå Vestland fylkeskommune er basert på ei vurdering av søknaden opp mot relevante fagområde og regionale planar og interesser.

Fagleg vurdering

Vassmiljø

Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027 fastset miljømål og viser korleis vi ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv. For sterkt modifiserte vassførekomstar er miljømålet etter § 5 i vassforskrifta godt økologisk og potensial og god kjemisk tilstand.

Tilstanden for Skålavatn er vurdert til å ha moderat økologisk potensial. Miljømålet er sett til godt økologisk potensial. Hydro Energi skriv i søknaden at tidlegare nedtapping hadde minimal påverknad.

Vi har ingen avgjerande merknader til nedtappinga av magasinet, men tek atterhald om at søkjar etterlev sine eigne føringar om å minimere tida med vasstand under LRV og tapping ut av magasinet. Så snart naudsynt inspeksjon og arbeid er gjennomført, skal Hydro Energi sørgje for at vasstanden raskast mogleg kjem over LRV.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonsleiar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjoflot
seniorrådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

LUSTER KOMMUNE

Postboks 77

6866

GAUPNE

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER